

Avslutta sin 10. sesong som dirigent i skulemusikken.

18.06.2020



Haldis Aakra frå styret overrekte nydelege blomar til dirigent Tor Skeie Olsen då han avslutta sin 10. sesong.

- Eg trur dette er den beste sesongen vi har hatt når det gjeld utvikling i mi tid som dirigent. Ja, eg meiner det når vi tenkjer på utgangspunkt i fjar haust og hindringar som korona som vi har møtt gjennom sesongen, sa Tor Skeie Olsen etter strandkonserten onsdag ettermiddag. Han var også raus med rosen til både musikarane og styret. Konserten markerte også avslutninga på Tor sin 10. sesong som dirigent i korpset.



Ein lukkeleg dag i juli 2010. F.v. Anne Kari Rørheim, Monica T. Storevik, Tor Skeie Olsen, Birgitte Hjelmeland og Vegard Døssland. Thor Inge Døssland var òg med på møtet.

Det var i juli 2010 at det dåverande styret i Uskedal skulemusikk fekk nyss i at Tor Skeie Olsen var flytta heim att til Kvinnherad. Dei heiv seg rundt på hælen og fekk gjort ein avtale med han om møte i den dåverande heimen hans i Lundsneset. Fem representantar, inklusive to musikarar, kunne etter møte føla seg svært så fornøgde. Dirigentstoda i korpset hadde fått ei særslig god løysing.

- Styret i skulemusikken er særslig fornøgd etter at det onsdag vart endeleg klart at Tor Skeie Olsen overtar som dirigent frå hausten.

Styret gjev uttrykk for at dei har vore særslig heldige, skreiv uskedalen.no i ingressen om saka og heldt fram:

- Skeie Olsen har særslig god musikalsk ballast og erfaring, og er svært flink i samarbeidet med barn og ungdom. Folk omtalar han som ein humørspreiar.

Dei seinare åra har han spela ei viktig rolle i det særslig gode korpsmiljøet på Tysnes. No flyttar han heim att til barndomskommunen, han buset seg i Omvikdalen.

Det er særslig verdfullt for korpslivet i Kvinnherad at slike personar flyttar heim att.

Vi kan vel sei at den dåverande journalisten i uskedalen.no traff blink i si skildring av den nye dirigenten. Det var eit lukkeleg val! No har samarbeidet vart i 10 år, og det verkar som om samarbeidet fungerer særslig godt.

Stemningen i korpset er veldig god. Alle partar, musikarar, dirigent og styret, verkar veldig fornøgd med slik ting fungerer. Korpset er absolutt i medvind, og dei unge musikarane er komne svært godt av garde.

Sjølv koronakrisa kunne ikkje stoppa dei. Då landet vart stengt ned, var det mange korps som tok pause i aktiviteten. Dirigenten og styret i Uskedalen gjekk straks i gang med å planlegga digitale øvingar. Det resulterte i svært verdfulle einetimar før korpset starta fellsøvingar att i Strandstova. At dei heldt øvinga i gang, var grunnen til at skulemusikken kunne levera ein flott konsert onsdag med eit repertoar dei hadde øvd inn etter 17.mai. Ein særslig dyktig dirigent, eit velfungerande styre og særslig ivrige, flinke og øvingsvillige musikarar har samarbeidd godt om det.

Vi er svært glade for at dette trepartssamarbeidet held fram. Forhåplesvis i minst 10 nye år!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland